



Hardangerrådet iks



Hardanger

Skyss

v/ direktør Målfrid Vik Sønstabø

Postboks 7900

5020 BERGEN

[skyss@skyss.no](mailto:skyss@skyss.no)

## **Uttale frå Hardangerrådet vedr. søknad frå Norled om avkorta driftssesong 2022 for Turistbåtruta på Hardangerfjorden.**

Vi viser til mottatt epost dat. 21.02.2022 vedr. søknad frå Norled om avkorta driftssesong 2022 for Turistbåtruta på Hardangerfjorden. Norled søker om oppstart 3. juni 2022 og avslutning 28. august 2022.

Hardangerrådet vil tilrå at denne søknad ikkje vert imøtekommen ber Skyss varsle Norled at ruta må startast opp 1. mai og avsluttast 30. september (som er i samsvar med planlagt driftsperiode for 2020).

Hardangerrådet begrunnar dette med følgjande:

- For sommarsesongane 2020 og 2021 vart ruta drifta i ein avkorta periode. Dette var naturleg med bakgrunn i reiserestriksjonar og nasjonale smitteverntiltak som la store begrensingar på reiseverksemd og særskilt reiser over landegrensar. Dette påverka naturleg nok passasjergrunnlaget for turistbåtruta då ein svært stor del av passasjerane var utanlandske om vi ser på statistikk frå før pandemien.
- Idag er alle smitteverntiltak og reiserestriksjonar oppheva og sentrale styresmakter ber oss om å gjenoppta alle aktiviteter og tilbud slik dei var før pandemien. Det er såleis noko underleg at Norled fortsatt følgjer "utviklinga av koronapandemien" og ikkje iverkset oppstart av turistbåtruta raskare enn det dei gjev uttrykk for i sin søknad. Nettopp i denne situasjonen er det viktig å visa omverda av ruta er igang igjen for å tiltrekka seg passasjerar. Ein oppstart så seint som 3. juni vil berre skapa usikkerheit omkring rutetilbodet og medverka til at passasjergrunnlaget vert lågare enn om ein signaliserer "full" sesong i 2022.
- Destinasjonsselskapet Visit Hardangerfjord melder om stor interesse frå nasjonale og internasjonale marknader alt frå mai månad.

Kinsarvik 14.03.20212

Med fruktbar helsing  
frå Hardangerrådet

Roald Aga Haug  
rådsordførar  
Hardangerrådet iks signerar digitalt

Jostein Eitrheim  
dagleg leiar